



AASMUND NORDSTOGA
Plassen Vinjevegen 1427

3890 VINJE

Delegert sak nr. 18/2

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2017/2960	352/2018	GBNR	08.01.2018

Vedtak - Søknad om kommunalt investeringstilskot til driftsbygning for kyr på gnr. 65/4

Dokument i saka:

Søknad om kommunalt tilskot, datert 11.1.2017
Investerings søknad til Innovasjon Norge
Økonomisk fem-årig driftsplan
Avtaler om jordleige
Teikningar og kostnadsoverslag driftsbygning og gjødslingskum
Dispensasjon frå Vegvesen om byggegrense

Bakgrunn:

Aasmund Nordstoga søker om kommunalt investeringstilskot til landbruksfremål i samband med tilbygg og ombygging av driftsbygning for mjølkeproduksjon på eigedomen Plassen gnr. 65/4 i Vinje. Kostnadsoverslag for tiltaket er stipulert til kr 4,2 mill., med plass for omlag 18 årskyr. Investeringa er basert på tilgjengelig mjølkekvote på 72 tonn og 12 kyr, samt 6 ammekyr i kjøtproduksjon. Ammekyra kan fases ut etterkvart som det er mogleg å få tak i meir kvote, eller at avdråtten aukast til over 9000 liter pr ku.

Som det etterkvart begynner å bli vanleg i større omfattande byggprosjekt, ser søkerane det som mest realistisk at deira tid i byggeperioden best vil nyttas ved å halde eksisterande drift i gang og bidra med inntekter av anna arbeid. Truleg er det ei rett vurdering, framfor ei for optimistisk tru på kva ein kan gjere på ein byggeplass der utføring er sett bort til ein entreprenør. Det er derfor ikkje stipulert noko eigeninnsats.

Søkjjar med familie er erfarne mjølkeprodusentar, og har drive slektsgarden til Aasmund med mjølkeproduksjon sidan år 2005 med omlag 10 årskyr. Dei overtok drifta etter foreldre av Aasmund – som sette opp nåverande driftsbygning i 1988.

Eigedomen har elles gode jord – og beiteressursar tilpassa planlagt drift. Dei har og tilgjengeleg leigeareal i rimeleg avstand frå eigedomen. Til saman disponerte de i sesongen 2017 105 da slåttemark og 47 da innmarksbeite i følge PT-søknad. Det er berekna eitt spreieareal på omlag 80 da ved full drift.

Planlagt auke i dyretalet krev tett på 500 m³ lagerkapasitet for husdyrgjødsel inklusive vatn for åtte månader. For 12 månader vil det vere trong for vel 700 m³. Gjødselkummen er i følge vedlagt prosjektering på omlag 1000 m³.

Sakshandsamar har vore involvert undervegs i planlegging av nytt fjøs – deriblant med synfaring på garden saman med byggteknisk rådgjevar. Det har vore vurdert fleire utkast til planer, der søker har vore opptatt av korleis ein skal balansere økonomi og driftsomfang i høve til ressursar på garden og ønskje om å halde på med kulturbasert næringsverksemd. Det kan neppe vere tvil om at familien har ei genuin interesse av å oppretthalde drifta på garden – om dei kan gjere det på ein forsvarleg måte i høve til ressursar og andre interesser.

Karakteristisk for denne utbygginga på Plassen er søker sitt ønskje å nytte VMS-basert mjølking til ein buskap på færre enn 20 kyr. Dette for å kunne nå sine eigne målsettingar til drifta som nemnt over. Ikkje minst gjeld dette omsynet til eit velpleidd kulturlandskap på husmannsplassen der Aasmund Olavsson Vinje vaks opp. Eit gardbruk i dag skal ikkje berre produsere rein og god mat, men og levere andre tenester til samfunnet som busetting i distrikta, matsikkerheit og ikkje minst kulturlandskap. Garden til Aasmund har som nemnt i tillegg ei spesiell arv av nasjonal interesse å ta vare på – truleg bør det og vere grunnlag for gjere alternative vurderingar i høve spørsmål om robot. Driftsplanen syner at den totale økonomien på garden er tilfredstillande - samstundes som ein kan oppnå andre ikkje-økonomiske gode samfunnet etterspør.

Søknaden er i tråd med kommune- og landbruksplanen for Vinje kommune, der pleie av kulturlandskap og stimulering av mjølkeproduksjon er ein del av målsetjinga. Landbruk er sett på som ein viktig næring (i tillegg til reiselivet) i næringsplanen som blei vedteke tidlegare i år.

I Vinje har det dei siste åra vore satsing innan storfe- og mjølkeproduksjon. Som tidlegare nemnt ser det ut til at ein greier å halde på og fornye eit miljø for mjølkeprodusentar i kommunen – noko som og gjer denne satsinga viktig. Det blir då seks mjølkeproduksjonsbruk i drift med oppgraderte fjøs, med fem mjølkerobotar i rimeleg nær avstand frå kvarandre – med atterhald om positivt vedtak i innsendte søknader til Innovasjon Norge.

Søknaden er i tråd med føresegnar for kommunale tilskota til landbruksføremål. Ein kan gje eitt tilskot på inntil 20 % av kostnadsoverslaget – maks kr 600 000,- . Vinje kommune kan med andre gje tilsegn om eit tilskot på kr 600 000,- til investeringa. Viser elles til regelverket for vilkår for løyvinga.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev i medhald av kommunalt regelverk Aasmund Nordstoga eit tilsegn på tilskot kr 600 000,- til bygging av driftsbygning for kyr på gnr.65/4. Det vert sett følgjande vilkår:

1. Arbeidsfrist 31.12.2019
2. Prosjektet skal vere fullfinansiert før bygging
3. Det er søker sitt ansvar at bygging og drift blir gjort i tråd med gjeldane lover og reglar.
4. Sluttutbetaling skjer ved synfaring og dokumentasjon av kostnader
5. Skriftleg aksept av vilkår for tilskotet, sjå vedlegg.

Med helsing

Toril Nicolaisen
nærings sjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.